

Rektor og prosjektdirektør for campusutvikling
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Vår dato 04.02.19

Ref.nr.07/2019

Sakshandsamar: Cecilie B. Raustein

HØYRINGSSVAR: RAPPORT OM FAGLEG LOKALISERING FOR NTNU

Studenttinget NTNU takkar for moglegheita til gjeve innspel til *Delrapport 3: Hovedgrep, modeller og løsningsforslag* som gjeld fagleg lokalisering i samla campus.

Først ynskjer vi å kommentere dei ulike alternativa som vert presentert i rapporten.

Alternativ A

Vi meiner at det å plassere HumSam i, og i nærleiken av, Hovudbygget først og fremst vil ha sterk symbolsk mening. Det er ingen tvil om at Hovudbygget er sentralt på campus, men likevel kan avstanden til Stripa og resten av campus kjennast stor. Difor ser vi at dette potensielt kan skape ei polarisering på campus. Med dette meiner vi at ein ved å gå for alternativ A kan vidareføre Dragvoll/Gløshaugen-skiljet som eit Gløshaugen nord/sør-skilje. Dette vil sjølv sagt vere uheldig, og i strid med fleire av måla ein ynskjer å oppnå når ein skal samle NTNU på og rundt Gløshaugenplatået. I tillegg stiller vi oss kritiske til kor godt egna areala i Hovudbygget vil vere for HumSam, sjølv etter ombygging.

Ei anna utfordring vi vil peike på ved alternativ A er IE-fakultetet sin til dels tunge infrastruktur, som òg rapporten tek opp. Denne eksperimentelle infrastrukturen vert i dag nytta til både forsking og undervisning, og vi ser store utfordringar med å skulle flytte på han, særleg under sjølve bygginga og flyttinga. Med tanke på utdanningskvaliteten til studentane det gjeld ser vi det difor som lite hensiktsmessig å skulle flytte denne.

Alternativ B

Vi merker oss at dette vil vere den mest sentrale plasseringa reint geografisk for HumSam. Samtidig kan avstanden opplevast som stor innanfor klynga, både med tanke på avstanden frå sør til nord på Stripa, men òg med tanke på høgblokkene. I tillegg stiller vi spørsmål ved kor sentralt det vil opplevast når dei nedste etasjane skal brukast til læringsareal, og HumSam difor ikkje vil vere særleg synleg på bakkenivå.

Ei anna utfordring ved denne løysinga vil vere Matteland, som matematikkstudentane i dag har som sitt identitetsareal i tredje etasje på Nordre lågblokk. Dette er eit areal som er særskilt viktig for studentane det gjeld. Vi meiner at gode identitetsareal er viktige, og at ein skal ha særleg gode grunnar for å endre på eller flytte identitetsareal som studentane i dag er så godt nøgde med.

Alternativ C

I dette alternativet får igjen HumSam ei særskilt sentral plassering på campus, men utan like store avstandar innanfor klynga som i alternativ B. HumSam får kort veg til dei fleste andre klyngene, med unntak av KAMD, og dette gjev store moglegheiter for tverrfaglegheit. Vi ser også at denne løysinga kjem i mindre konflikt med fagmiljøa som allereie ligg på Gløshaugen ettersom ein del av det tiltenkte arealet til HumSam i dag hører til ØK og KAMD. Det er også positivt at ein kan få til å samlokalisere IMA med resten av NV.

Vi ser likevel at alternativet også har ein del utfordringar i byggjeprosessen kan ein oppleve store utfordringar om tomtene 6C og 6D skal byggjast på, då spesielt for deler av NV-fakultetet som har særskilt sensitiv infrastruktur like i nærliken. I tillegg kan det opplevast som splittande for IV-fakultetet som vil verta delt av at HumSam kjem inn på C3 og/eller C4.

Samla sett trur vi dette vil vere det beste alternativet for flest mogleg av studentane, og det alternativet som oppfyller mål, prioriteringar og premiss i størst grad.

Alternativ D

Ein fordel ved dette alternativet er heilt klart at det vil krevje små endringar i strukturen som finst i dag på Gløshaugen. Med samlokaliseringa av teknologimiljøa på Gløshaugen har ein allereie sett at flytteprosessar kan skape store utfordringar for studentane og for undervisninga. Lite flytting, som i dette alternativet, vil difor kunne sjåast som hensiktsmessig.

Vi ser likevel fleire utfordringar med alternativet. HumSam får ei langt mindre sentral plassering, og dette bryt med prioriteringane ein har lagt til grunn for fagleg lokalisering. Det å plassere HumSam slik vil kunne skape sterkare samanheng med ØK-klynga, men samtidig vil ein igjen få det same problemet om ein skal byggje på 6D med tanke på sensitiv infrastruktur som ein får med alternativ C. I tillegg vil det i dette alternativet vere lang veg frå HumSam til KAMD, noko som kan vere uheldig.

Generelt

I dag er det fleire miljø ved HumSam som bruker idrettsbygget på Dragvoll både til undervisning og forsking. Dette er areal som må erstattast i nytt samla campus, og burde vore nemnd særskild i rapporten. Vi opplever til no at areal til idrett ikkje har vorte fokusert på i stor nok grad som areal for fagleg verksemd i campusprosjektet, og dette må ein ta tak i når ein no skal gå vidare. Dette er i høgste grad noko ein må

tenkje på når ein skal avgjere kven som skal kor på campus, og ein burde òg ha tenkt på idrett som ei eiga klynge.

I nokre av delalternativa som vart presentert i dekanmøtet 22. januar 2019 var ulike lokalitetar for studenttenester føreslått. Her vil vi spele inn at studenttenestar bør ha ei sentral plassering på campus. Studenttenestar bør ha ein knutepunktfunksjon, og bør opplevast nærest mogleg for flest mogleg studentar. Det same bør gjelde for lokalisering av studentdemokratiet. Begge deler skal opplevast sentralt og tilgjengeleg, og som tydelege knutepunkt. Verken hovudbygget eller området ved Hesthagen vil vere gode plasseringar. Ein bør forsøke å plassere desse funksjonane på, eller i nærlieken av, Stripa.

Vi er opptekne av areal til linjeforeiningar og identitetsareal. Ein bør leggje opp til at alle studieprogram har denne typen areal nært sitt respektive fagområde, og det bør ikkje skapast eit for stor skilje mellom bachelor- og masterstudentar innanfor same fagområde. Om ein skal slå saman areal for fleire studieprogram er dette noko ein må tenkje på når det gjeld fagleg lokalisering. Det er viktig at fagområda då har ei tydeleg kopling, slik at det å dele areal kan stimulere til tverrfaglegheit og opplevast som meiningsfullt for studentane. Ein bør ikkje slå saman for mange eller for spreidde fagområder i denne typen areal ettersom dette kan svekke kjensla av identitet. Om ein på denne måten svekker tilknytinga til fagområdet sitt, vil det òg kunne svekke tilknytinga ein kjenner til NTNU som heilskap. Dette kan slå ut negativt på blant anna fråfallsstatistikken og generel trivsel ved studieprogramma.

Til slutt vil vi trekke fram viktigeita av eit universelt utforma universitet som er lett tilgjengeleg for alle, og der det er lett å kome seg frå den eine sida av campus til den andre, sjølv for studentar og tilsette med funksjonsnedsetjingar. Dette er særsviktig når det kjem til Vestskråninga. For studentar som tek både økonomiemne og til dømes teknologiemne kan det vere vanskeleg å kome seg frå læringsaktivitetane i eitt emne til det neste. Difor må ein vurdere sterkt å byggje i Vestskråninga slik at ikkje enkelte deler av campus vert meir eller mindre utilgjengelege for dei med funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å kome seg opp og ned ein slik bakke.

Rapporten gjer greie for grundige utredningar, men som vi har forsøkt å få fram her er det likevel enkelte vesentlege sider ved fagleg lokalisering som ikkje er nemnd eller som har fått for liten plass i rapporten. Vi håper likevel at dette ikkje vert oversett når ein skal avgjere kven som hamnar kor.

Med venleg helsing
Cecilie Bjørnsdotter Raustein
Leiar
Studenttinget NTNU